

Jan Holt til minne (1946-2018)

Av Torgeir T. Garmo, Fossheim Steinsenter, Lom.

Jan Holt var mannen som plukka forunderlege steinar og stjernestøv der vi andre fann berre små svarte prikkar av mineral ingen utanom miljøet eingong hadde høyrte namnet på.

Jan Holt voks opp i ei tid da vidaregåande skular og kunnskap var for dei rike, derfor drog han til sjøs i ung alder. Lærdomen han fekk var gjennom Suezkanalen og i skumle havnebyar, og mangelen på bokleg lærdom kompenserte han sia i livet med ei enorm lærelyst og nysgjerrigheit.

«Hvorfor har ikkje vi vært der?» spurde han gjerne når nye, spennande mineral-funn dukka opp. Og når vårsol i bakkane blenkte, drog Jan gjerne dit på tur; einsleg i bilen sin som også var kjøken og soverom, eller saman med meg og andre steinfrelste.

Derfor stod alltid sommaren for døra med ljose dagar og nye opplevingar når Jan svinga inn porten på Steinsenteret. Men fyrst måtte han ein tur inn for å sjå korleis det stod til; kanskje var det «fjell» som



Jan Holt sammen med Torgeir T. Garmo (Foto: Tor Sørli, 2010).

måtte sagast til, stein som skulle berast ut på gratistippen eller ein vasspistol som måtte reparerast ? For Jan hjalpste over alt og alle, han var den fyrste som stansa ved ein bil som hadde punktert eller hjalpste ein stavrande gamling over vegen. Jan greidde alt, han reklamerte på Facebook for Steinsenteret og tok seg av utlendingar som ville til fjells og finne stein. Til 12-kaffen diska han opp med nykjøpte wienerbrød og morosame historier frå eit langt samlarliv i skiftande miljø. Ein buss-sjåfør er som kjent ein mann med godt humør, og det varde livet ut.

Saman med Jan vart turen ei trivleg reise inn i alltid skiftande landskap. For Jan såg meir enn oss andre; han oppdaga rare steinar i veggrøfta og jernskrot frå tidlegare tider. Når vi fekk vaska dei, såg også vi at steinen var eitt av Naturens eigne kunstverk eller at jernskrotet var ein del frå ei gamal heimesmidd slåmaskin. Og stundom diskuterte vi politikk der vi var rivande usamdeom mangt. Men å bli uven med Jan gjekk ikkje an, for Jan var eitt av dei snillaste menneske eg har møtt.

Jan samla på det meste og drog det heim til Tisleia der Anna tålmodig sette alt på plass.

Og derfor var det også så spennande å koma på besøk til Anna og Jan, til den varme heimen «i Ødemarken», der vi støtt kjende oss velkomne som lenge sakna gjester. Anna diska opp med gjestens livrett og Jan viste rundt: Det var alltid noko nytt å sjå, alt med si eigen historie av tilfeldigheiter som verten nennsomt hekla saman.

Og her, i «huset i Ødemarken» som Jan stundom kalla det, hadde han sankt i hop ei av dei flottaste steinsamlingane i heile kongeriket ! Og nå, nå hadde Jan omsider kome så langt i livet at han hadde kosta på seg flotte utstillingskap der han nøyde planla korleis skattane skulle stillast ut.

Jan Holt var ein bauta i det norske steinmiljøet !

Han vil bli djupt sakna av alle oss som hadde gleda av å kjenne han gjennom gode år.

Norsk Mineralsymposiums forskningsmidler

Norsk mineralsymposium har som oppgave å styrke kunnskapen om norsk mineralogi. Vi vil derfor avsette 15 % av symposiets beholdning som forskningsmidler. For tiden utgjør dette ca. kr. 12 000. Dette vil fortrinnsvis kunne brukast til kjøp av analysetjenester (eksempelvis SEM/EDS, XRD, SXRD, EMP). Fototjenester og innkjøp av bildemateriell vil også kunne dekkes av midlene. Det er en forutsetning at bevilgningene skal resultere i artikler til symposiets publikasjon. Ansatte i geofaglige, akademiske miljøer kan ikke søke om midler.

Søknaden må inneholde en kort beskrivelse av prosjektet, hvorfor temaet er interessant, antall prøver som ønskes analysert og en framdriftsplan. Søknad sendes til Henrik Friis (henrik.friis@nhm.uio.no) innen 1. april. Søknadene vurderes av Henrik Friis, Alf Olav Larsen og Lars O. Kvamsdal, som utarbeider et budsjett basert på prosjektet og gjeldende analysekostnader for egnet instrumentering. Resultatene kunngjøres på første symposium (mai/juni).